

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Nord-trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Otterøy

Emne: Vassbering

Bygdelag: Hammes-Skomsvoll

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja. -- Børtre. -- Ja, eg har unntaksvis sett børtre med ei uthola opning midt på. Men vanlig var i bruk slike som ein bar på skrå over aksla. Ein kunne da skitfe aksler. Stødde byttene med handa. Har ikkje sett slike med reim. Eg trur eg har sett børtre med vidjer og trekrokar. Ellest var det byttene hang i av jarn og var i 2 deler, den nedste enden av den nedste ~~xxxx~~ var ein krok. Noko namn på desse delene kjenner eg ikkje. Trebytter kom av bruk krin 1890-1900. Sia jarnbytter.
2. Kjenner ikkje til noko under dette punktet her.
3. Heller ikkje under dette..
4. Det var nok helst kvinnelige eller mannlige tenarar eller og kona (der dei ikkje hadde tenarar) som bar vatnet, sjeldnare mannen, men også han når han hadde tid for anna arbeid. Vidare barna når dei vart såpass.
5. Unntaksvis må dei bera vatn enne når det ikkje er vatn i springet. Vass-spring er no innlagt på alle gårdar og plassar her. Når dei no ber vatn, er det sjeldan dei bruker børtrea, dei ber helst byttene i hendene, og da går det vel hardt ut over armusklane. Det er vel den medvitande ellet umedvitande reaksjon mot "åket" som gav dette arbeid preg av eit trølearbeid. Eg hugsar det i heradstyret for 30 a 40 år sia vart nemnt om denne armberinga. Gammellensmannen sa da: "Jeg mener det er kommet derhen at folk synes det er skamlig å bruke børtre".
6. Ikkje uten at tørke eller frost gjer det vasslaust på gården.
7. Ja.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM
 BYGDØY

Nord. Trøndel.

Letterøy

2506

2506

2506


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? *Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel? *Nei, ikkje her, men det*

kan nok komma av at her er nok an anna brensel. Eg minner seg at eg har høyrst nemnt om slik brukt av kumøkk.

Ferd. ann 27/12 - 1948.

John. Elvén